

Ny stor oppgradering ved Spar Uskedalen.

31.08.2018



-Denne fryseren skal ut, seier Kjersti N. Børve og Agnieszka Skrzypiec-Biegala som alltid er til god hjelp for kundane.

Vi er blitt van med at det stadig skjer utvikling og forbetringar ved Spar Uskedalen for at vi som kundar skal ha ein best mogeleg butikk. Ofte ligg dei i fremste rekkje med nyvinningar. No står butikken overfor ei stor oppgradering når mest alt av frys og kjøøl skal skiftast, ei investering på 3-4 millionar.

Det førebuaende arbeidet er alt i gong, og mange kundar har sikkert lagt merke til oppslaga om at det kan bli litt redusert utval av kjøle- og frysevarer på grunn av ombygginga. Dagleg leiar Bente Nilsen fortel at no skal alt av kjøøl og frys over på CO₂ av miljøomsyn. Dette vil det nok komma krav om, men det ligg litt fram i tid. I tillegg er noko av utstyret nokre år så det treng å oppgraderast.

'Vi er ein stor arbeidsplass, og vi tar slike investeringar, faktisk på 3-4 millionar, for å sikra arbeidsplassene, og for å ha ein velfungerande og moderne butikk i Uskedalen', seier den daglege leiaren om kvifor dei tar ei såpass stor investering.

Neste helg vil arbeidet setja inn med full trøkk. Då skal gammalt utstyr ut, og nytt inn. Heile 14 frysarar skal ut. Ho fortel at dei kjem til å ha butikken open under ombygginga, og kundane vil nok merka at det kan vera vanskeleg å finna einseilde varer. For å bøta på dette vil det vera auka bemanning, og ho oppfordrar kundane til å spørja, for det kan svært godt vera at dei har det som kundane ikkje finn.

'Alternativet var å ha stengd butikk nokre dagar, og det ønskjer vi ikkje', seier ho.

Eg føler meg heilt trygg på at dette vil fungera greitt for oss kundane. Vi vert alltid tekne i mot på beste måte av betjeninga i butikken.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.